

Skilt som får fram smilet!

03.04.2017



Artig skilt ved Sandakaien!

Det kjem stadig nye tilbod på Sandakaien, og derfor er det betryggande å sjå at det vert sett opp gode opplysningsskilt slik at vi finn fram og ikkje går oss vill blant alle dei nye tilboda. Då eg svinga nedom Sandakaien etter jobb i dag, oppdaga eg det nye skiltet. Nok eit flott påfunn frå Spar Uskedalen!

Eg stoppa naturleg nok, for skiltet måtte jo forevigast og publiserast her på sida. Like etter eg var komen ut av bilen, kom Gunn Mari Moberg ut lagervegen. Ho syntest vel kanskje parkeringa var litt merkeleg og serviceinnstilt som ho er, spurde ho:

- Er det noko du ser etter eller leitar etter?
- Nei, no er det så godt skilta at leita treng eg ikkje, svara eg og viste til det nye skiltet.

Gunn Mari kunne då fortelja at 'vaktmeister' og altmogelegmann Geir Nilsen var idèmakakar bak skiltet, og hadde laga teikningar som Kvinnherad Vekst AS hadde laga det ut i frå.

- Eg får gå **bortover** eg då, sa Gunn Mari smilande som alltid då ho avslutta samtalen på veg heim frå jobb.

Ho fann nok vegen heim for skiltet viste piler både 'Bortover', 'Andre vegen', til 'Blå Stolen' og 'Spar'.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland